

Forskrift 18. juni 2024 om hovudmål ved grunnskular i Sande kommune

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Sande kommune i politisk sak 62/24 den 18. juni 2024, med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 15-2.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta seier kva skriftspråk som er hovudmål i grunnskulane i Sande kommune. Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa, og i den skriftlege kommunikasjonen med dei føresette.

§ 2 Hovudmål ved skulane i Sande kommune

Grunnskulane i Sande kommune nyttar nynorsk som hovudmål.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.